

**PROTOKOLL  
MØTE I UTVAL FOR KULTUR, OMDØMME OG KUNNSKAPSUTVIKLING**

**Møte:** 3-2016  
**Tid:** Fredag 9. september kl. 09:00 – 11:30  
**Stad:** Meland Rådhus

**Til stades:**

<b>Medlem:</b>	Øyvind H. Oddekav - leiar, Tom Kristian Thorsen - nestleiar, Jon Askeland
<b>NUI:</b>	Kari Evensen Natland
<b>Andre:</b>	Britt Karen Spjeld og Ronny Skår frå fylkeskommunen. Kulturmedarbeidarar: Ove Sæbø (Modalen), Eirik Bouwer Utne (Meland), Bente Koppervik Hervik (Radøy), Olav Mongstad (Austrheim)
<b>Forfall:</b>	

<b>Sak 13/16</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b>
<b>Sak 14/16</b>	<p><b>Interkommunal plan for anlegg for kultur og idrett</b></p> <p>Presentasjon v/ fylkeskommunen. Vert lagt ved referatet. Viktige stikkord: Planen 'Premiss' gjev grunnlaget for kultur- og idrettsarbeidet i fylket, med prioriterte innsatsområde og tiltak knytt til desse. Sjåast i samanheng med plan for attraktive sentre i regionen. Saman gjev desse planane premiss for planarbeid for anlegg for kultur og idrett. Begrepa lokal og regionale anlegg. Regionale anlegg med fylkeskommunalt medansvar. Kva er dei lokale behova og kva skal vi samarbeide om på tvers av kommunane. Ungdom treng variasjon og bredde i tilbodet Barne treng aktivitet lokalt. Utfordring med en slik plan: avhengig av en sterk forankring i kommunene. Den vert då retningsgjevande for Hfk. Kommunane sine prioriteringar er viktige for Hfk og vil vere viktig for fylket sine prioriteringar.</p> <p>Tilskot til idrettsanlegg er no over, dei prioriterar Kulturbygg – ikkje midlar her</p> <p>Spelemidlar vert nytta: To : desentralisert ordning – lokale kulturbygg. Ca 4-5 mill. Som samf hus. Følgjer kommunane sine prioriteringar her som tek i mot søknadene. Sær viktig for lokalt kulturliv.</p> <p>Kulturbygg med regionale funksjonar. 10 mill vart supplert av hfk midlar tot 20 mill. Totalt no; 4 mill. 3,6 mill til Grieghallen årleg</p> <p>Det er viktig å få fram behov og prioriteringar sjølv om det no ikkje er midlar til. Interkommunal plan nesten viktigast for kulturbygg</p> <p>Kva oppnår ein med ein regional plan? Kan ein oppnå det same utan plan ved at to eller fleire kommunar går saman om anlegg.</p> <p>Vikitg å starte ein prosess for å sjå på regional prioritering</p> <p>Starte med ei kartlegging av potensielle kandidater som kan vere regionale SpelemiddelInkkelen??</p> <p>Mål om at kommunane skal ha minst eit universelt utforma friluftsområde Her bør kommunane samsnakke seg i mellom slik at ein får ein variasjon.</p>

	<p>Starter kartlegging no og vurdere om det er trong for eit breiare planarbeid.</p> <p>Invitert: Britt Karen Spjeld og Ronny Skår frå Hordaland Fykeskommune Kultur/idrettsmedarbeidarar frå kommunane i Nordhordland</p> <p>Innleiing: Hordaland Fylkeskommune om planarbeid for anlegg sett i perspektiv frå Fylkeskommunen.</p> <p>Dialog om planarbeid, prosess, samarbeidspartnarar og framdrift</p>
<b>Sak 15/16</b>	<p><b>Orientering om interkommunale kultursaker</b></p> <p>Kulturforum Nordhordland består av kulturmedarbeidarar i kommunane i regionen. Dei møtast som eit fagleg forum om lag to gonger i året. I tillegg arrangerar dei ein konferanse for frivillige for utveksling av informasjon og nettverksbygging.</p> <p>Utvalet ønskjer å ha faste møtepunkt med kulturforumet for å diskutere prioriteringar og samarbeidsområde. Kulturforumet inviterte også utvalet til å komme med aktuelle saker og utfordringar.</p> <p>I tillegg til samarbeid om kartlegging av regionale anlegg for kultur og idrett, kan det og vere aktuelt å sjå på kravet om at kvar kommune skal ha minst eit unveselt utforma friluftsområde i eit regional perspektiv. De er knytt mange spørsmål og utfordringar for kvar kommune om korleis ein skal få dette på plass på ein god måte. Dette er ein sak det kan vere fonuftig å samarbeide meir om.</p> <p>Det vart også orientert om status til prosjektet om å få på plass status som eit UNESCO Biosfæreområde. Det er viktig at vi no har gode, bærekraftige prosjekt som støtter opp under føresetnadene til ein slik status. Her er kultur, omdømme og kunnskapsutvikling sær s sentralt.</p>
<b>Sak 16/16</b>	<p><b>Skulebruksplanen. Status og evt vidare tiltak</b></p> <p>Dette vart ikkje aktuelt som sak no.</p>
<b>Sak 17/16</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p>Ikkje saker</p>

Knarvik, 14. september 2016

Øyvind Oddekalv  
Leiar  
Utval for Kultur, omdømme og kunnskapsutvikling

Kari Evensen Natland  
Prosjektleiar  
Nordhordland Utviklingselskap IKS